



Ole Vidar Monsen gjekk fort i Sauda.

4 frå Uskedalen var søndag med i det tradisjonelle, 25 kilometer lange løpet Slettedalen rundt i Sauda og alle gjorde ein respektabel innsats.



[Oddmund Soldal gjekk fort i Sauda.](#)

I klassa 26-30 år vart Ole Vidar Monsen nummer 3 og Yngve Myhre nummer 5.

I klassa 40-45 år tok Oddmund Soldal andreplassen og Pål Haugland fekk same plassering i klasse 60-65 år.

Oddmund og Pål var også med i karusellrennet i Fjellhaugen dagen før og hadde altså ei svært så travel skihelg - med gode prestasjonar begge dagar.